

From: Jordal, Harald <harald.jordal@odda.kommune.no>
Sent: 23. mai 2018 15:05
To: Høivik Laila Perine
Cc: Haug Roald Aga; Langeland Anton; Jondahl Ole Jørgen
Subject: Fwd: Scan fra Kyocera MFP
Attachments: hjo04065_2018-05-23_14-31-03.pdf

Punktnummerering fall ut i første sending!

Hei.

Her er vedtaket og saksutgreiinga høyring Flaumluker og tilleggsutgreiing SKL.
Sjå vedlegg for saksutgreiing.

1. Kommunestyret ser flaumtunnel som det sikraste alternativet til varig flaumvern av Opo og Storelva sørover til Hildal.
2. Kommunestyret ser sikring av Sandvin og sørover som eit viktig moment å ta høgde for når ein no skal beslutte tiltak om varig flaumvern. Flaumsikring ved hjelp av flaumluker forbedrar ikkje situasjonen ved Sandvin og sørover i Storelva nok til at dette kan sjåast som eit framtidretta tiltak.
3. Kommunestyret legg til grunn at SKL sine tilleggsutredningar syner faren for reaktivering av forureining i Sørfjorden godt, SKL syner til veletablerte metodar for å ytterlegare redusere faren for reaktivering. Sweco har vist til at forureinings situasjonen kan bli betre enn i dag ved tildekking og tilførsel av elvemassar til sjøbotnen i hamnebassenget. Flaumtunnelen var rekna å ha mindre reaktiveringseffekt enn forankring og propellvirvling frå store båtar. Samt at forureina sediment ikkje går ut av hamnebassenget. Kommunestyret vurderer innhaldet vedrørande fiskeforhold i flaumlukerapporten som svært overordna og lite detaljert.
4. Kommunestyret fastslår at Odda sentrum og områda sør for Sandvinsvatnet treng ytterligare flaumsikring. Ved store flaumar som det skal takast omsyn til er det sannsynleg at Eidesdalen, elvesenga, Sandvin/Hildal og fleire bruer får skade.
5. Bygging langs elva og ved fjorden er avhengig av tryggleik mot flaum. Deler av Odda sentrum ligg langs vassdraget og vil oppleve vanskar og skade ved stor flaumføring. Tiltak som vert sett i verk må sikra at byen Odda kan utvikla seg med bygging av husvære, hotell og leiligheiter. Kulturlandskapet og landbruket kring Sandvinsvatnet og vassdraget må sikrast ei framtid der landbruksnæringa får leva vidare. Landbruket og det viktige kulturlandskapet står i fare for ei vidare gradvis utarming slik situasjonen er i dag.
6. Storting og regjering har opna for konsesjonsbehandling i Opo. Regjeringa må trekka slutningane basert på fakta, innspel og økonomi. Dersom regjeringa ikkje opnar for flaumtunell med kraftverk, krever vi at regjeringa går for løysing med flaumtunel utan kraftverk. Det er då eit ufråvikeleg krav at regjeringa fullfinansierer tiltaket og at det vert ferdigstilt i 2022 .
Alternativt ber vi regjeringa å løyva tilsvarande stønad (100 mill) til delfinansiering av flaumtunnelen til SKL som skal finansiera ei høgare minstevassføring.

7. Kommunestyret ser det som svært viktig å ivareta Opo vassdragets unike estetiske kvaliteter og tilhøvet for den unike laksestamma.

Helsing

Harald Jordal
Kommuneskretær
Odda kommune